

## **Høyring av utkast til verneforslag for tre marine kandidat område i Hordaland**

Fylkesmannen i Hordaland sender med dette utkast til verneforslag av dei tre kandidat områda for marint vern i Hordaland. Arbeidet er vurdert etter §42 i naturmangfaldslova og kapittel VII i forvaltingslova. Dette er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar. Arbeidet er gjennomført etter oppdragsbrev frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet (28.03.2014), om å gjennomføre ein verneplanprosess for nokre utvalde marine område, og oppdragsbrev som gjekk til fylkesmannen frå Miljødirektoratet 11.04.2014. Dei tre områda er omtalt som Lurefjorden og Lindåsosane, Krossfjorden og Ytre Hardangerfjord.

Oppstartsmelding til arbeidet vart sendt i 2015. Det har blitt teke omsyn til innspel til oppstartsmeldinga ved utarbeiding av det endelege verneforslaget, som inkluderer framlegg til verneforskrift med vernereglar, avgrensing og verneverdiar. Ei oppsummering av innspela frå denne prosessen er lagt ved.

### **Prosess**

Det er Fylkesmannen i Hordaland som er ansvarleg for å lage verneframlegg og sende dette på høyring etter rammer sett av Miljødirektoratet. Etter høyringa vil Fylkesmannen utarbeide ei tilråding for vern som sendast til Miljødirektoratet. Deretter sender Miljødirektoratet ei endeleg tilråding til Klima- og miljødepartementet som kan fremje vedtak om oppretting av verneområde for Kongen i statsråd. Eit eventuelt vernevedtak vil vere ein kongeleg resolusjon, der verneforskrifta med tilhøyrande vernekart er dei juridisk bindande dokumenta.

### **Avgrensing og privat eigedom**

Avgrensinga inn mot kysten varierer avhengig av om kystlinja allereie er verna eller ikkje. Der det er eksisterande verneområde som går ut eller ned til sjøen, foreslår vi å trekke grensa slik at tidevassona blir inkludert. Elles foreslår vi at grensa i hovudsak blir trekt utanfor privat grunn (dvs marbakken, 2 meters djup). Difor har vi ikkje sendt særskilt brev til alle eigedomar som grensar til kandidatområdet.

Høyringsbrevet og tilhøyrande dokumentar blir sendt til offentlege instansar, foreiningar og interesseorganisasjonar. Om de veit om fleire som vil ha interesse av å få informasjon, eller lurar på noko kan de gjerne kontakte oss, [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no) eller på telefon 55 57 20 00. Meir informasjon om arbeidet finn de på Fylkesmannen i Hordaland sin nettstad: [www.fylkesmannen.no/marintvern](http://www.fylkesmannen.no/marintvern)

### **Til kommunane**

Vi ser at kommunane ønskjer meir informasjon og tett dialog med fylkesmannen i den vidare prosessen. Dette er vi sjølvsagt fullt ut samde i. Så langt har vi halde opne informasjonsmøte rundt om i fylket, og også orientert om saka i nokre kommunestyremøte og for administrasjonen. Dei tre kandidat områda femner om areal i 10 kystkommunar i Hordaland. Vi skal sjølvsagt vere lett tilgjengelege for meir informasjon, formidling og dialog med desse

kommunane, og reiser gjerne rundt til den einskilde kommunen i den grad det er behov og ønskje om dette. Vi ber kommunar som ønskjer dette om å ta kontakt med Fylkesmannen, og gjerne gjere framlegg om aktuelle møtetidspunkt.

### **Innspel**

Alle involverte partar blir oppmoda til å ta del i høyringa. Innspel kan du sende til Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen eller til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no). Merk saka med «Marint vern» og kva for område saka gjeld. Innspel kan også registrerast på Fylkesmannen i Hordaland sine sider: [www.fylkesmannen.no/marintvern](http://www.fylkesmannen.no/marintvern). Vi gjer merksam på at Fylkesmannen har ein offentleg postjournal og alle innspel blir registrerte i vår postjournal.

**Frist for å kome med innspel til verneforslaget er **XX XX XXXX**.**

### **Vedlegg:**

Forslag til forskrift

Kart

Faktaark per område

Oppsummering innspel frå oppstart.

Adresseliste